

Interessegruppa for Hedleberget (IFH)

Årsmelding frå styret 2021

Voss 30.01.2022

Styret:

Leiar: Ingmar Hårklau

Nestleiar: Nils Gjøstein

Skrivar: Jan Olav Grevle

Styremedlemmer: Thor Hårklau og grunneigarrepresentant Svein Kyte.

Vararepresentantar: Steinar Hårklau

Revisor: Knut Kvamme

Valnemnd: Magnar Lemme leiar, Kari Lemme, Sjur Tveite

Historienemnd: Magnar Lemme, Selmar Traa og Odd Tverberg

I 2021 har det vore 5 styremøte samt årsmøte. I tillegg har me hatt 5 arbeidsmøte.

Årsmøte vart «korona utsett» til 26.05.21. Me kjem med innspel til årsmøte om å endra frist for årsmøte til seinast April, slik at det kan haldast i Songvehytta.

Viktige hendingar:

2021 var atter eit spesielt år med korona og mykje som var usikkert. Det var planar om vinter konsert med Kari Brimnes, og eit lite håp om oppsett av Skifersongen, og trekkspel kveld i Songvehytta. Dette sette korona stopp for.

I juni vart det likevel opning for kulturarrangement med inntil 200 personar på spesielle vilkår. Voss Lyd gjorde ein stor innsats for å få til dette. Det resulterte i to flotte konsertar 11. og 12.Juni med Dumpster Divas og Uncle Bennys

I september hadde me open dag i forbindelse med Kulturminnedagane. Det var mange utstillarar som smed, seniorsløyden, grafisk trykk, geologisk utstilling, kåseri om Myrkdalen, demonstrasjon av skiferarbeid, historieforteljing, musikk innslag, kafe' og sist men ikkje minst la klima- og miljøminister Sveinung Rotevatn val-turen sin til hedleberget denne dagen. Dette vart publisert på NRK fjernsyn.

I tillegg var det fleire andre aktivitetar i Songvehytta og på amfiet, konfirmasjon, familietreff, skuleklassar, privat tilstelling på Kvammabenken.

Totalt har det vert 6-700 personar som gjester på berget dette året, til tross for korona. Dette i tillegg til alle som går kulturstien, og det er mange.

4.desember hadde Lyder Veum forteljing om Kong Sverre si ferd og kamp på Voss. Dette samla 30 personar i Songvehytta. Ein interessant og triveleg kveld.

Me har fått på plass ny heimeside som er utarbeida av Logolink. Den er bygd på ny plattform som er enklare å redigere.

Det er signert avtale med geolog Johannes Vik Seljebotn, som har ei stor steinsamling som skal utstillast i Holehytta. Planen er at det skal verte eit geologisk senter, som skal opnast til våren.

Me har fått nytt skilt «Velkomen til Hedleberget». Parkeringa ved Norheimsaga er avvikla. Nye brosjyrar, heimeside og på nett, viser til den nye parkeringa ved bommen på Grimsflaten.

Duken som skal dekkja heile amfiet, er produsert og klar til montering til våren. Duken skal kun brukast i tilfelle regn under arrangement.

Hovudfokus dette året har vert restaurering av Holahytta. Det aller meste på dugnad. Det som var mest krevjande var skifertaket og skifergolvet. Det var også store råteskader på ramma, kledning og dører som måtte utbedras.

Søknadar:

Det var utarbeida kostnadsoverslag over istandsetjing av Holahytta på kr. 250.000. Me har søkt Kulturminnefondet om støtte, og fekk tilsegn om kr. 80.000 til dekning av faktiske kostnader. Me søkte også Sparebanken om kr. 10.000 som dei støtta oss med.

Som frivillig organisasjon har vi i 2021 mottatt kr. 25.174,- i moms kompensasjon.

Dugnad:

I 2021 har det vert mykje arbeid med Holehytta, totalt 486 dugnadstimar. Det er i år lagt ned ca 600 dugnadstimar i tillegg til alle møter.

Me er registrert i Norsk tipping som mottakar av "Grasrotmidlar". Me set stor pris på at me vert vald som mottakar. Organisasjonsnummeret er 998 081 491. Medlemskontingent i Interessegruppa er kr. 100,- Konto: 3480.14.21360

Til tross for pandemien har vi hatt eit aktivt år, og planar for 2022 er i gang. Målet er å auke aktiviteten.

Det vert sendt ut ny melding før årsmøte i mars / april.

For styret:

Ingmar Hårklau

Leiar